

**Uskedalen ligg på andre plass på lista over kandidatar foran kommunevalet, melder Grenda. Som ein kan venta utifrå folketalet ligg Husnes på førsteplassen med 48. Men det er meir oppsiktsvekkjande at bygda vår, med i overkant av 1.000 menneskje, kjem som nummer to med 37.**



Gunn Mari Moberg – nummer to på Høgrelista

På tredjeplass kjem Sunde med 32 og på fjerde Rosendal med 24.

Her kjem dei andre:

Valen 23  
Herøysundet 17  
Sæbøvik 16  
Ølve 16  
Dimmelsvik 15  
Seimsfoss 14  
Sandvoll 13  
Hatlestrand 11  
Halsnøy Kloster 8  
Varaldsøy 7  
Høylandsbygd 7  
Ænes 7  
Mauranger 7  
Fjelberg 7  
Løfallstrand 6  
Åkra 6  
Utåker 3  
Arnavik 3  
Matre 1



Tove Lill Lakselv – nummer to på Frp-lista

Kva som er grunnen til at Uskedalen står så sterkt med omsyn til potensielt politisk mannskap vil det nok bli spekulert over i tida som kjem.



Jostein Grov – nummer to på SV-lista

Det neste spørsmålet er så kor mange uskedelingar som vil bli å finna i kommunestyret i neste periode.

Det er i hvert fall tre som er sikra plass.. Dei er kumulerte og alle på andre plass: Gunn Mari Moberg på Høgrelista, Tove Lill Lakselv på Frp-lista og Jostein Grov på SV-lista. Men det kan sjølvstakt bli fleire, for det er atskillige ukumulerte uskedelingar i gunstig posisjon på listene.

Uskedalen har også eldstemann på val-listene i haust. Det er Sigvald Eik som har runda 91.

Av Ola Matti Mathisen